

TILLEGGSINNKALLING

Utval: Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad: Kommunetunet
Møtedato: 30.01.2017 **Tid:** kl.15:00

Forfall eller inhabilitet:

Grunngjeve forfall til møtet, eller inhabilitet, må meldast snarast råd til post@fusa.kommune.no eller ekspedisjonen tlf. 56 58 01 00.

Administrasjonen kallar inn varamedlem.

Varamedlemmer møter berre etter særskild innkalling.

Dokumenta ligg til offentleg ettersyn på heimesida www.fusa.kommune.no og på biblioteket, Kommunetunet, Eikelandsosen.

Eikelandsosen, 23.01.2017

Eirin Bergheim
Fung. Leiar

Gunn Sissel Teigen
Ansvarleg sekretær

Sakliste

Sak nr.	Tittel
013/2017	Kommunereforma - vidare arbeid

Styre, råd, utval	Sak nr	Møtedato
Formannskapet	004/2017	24.01.2017
Administrasjonsutvalet		
Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne	013/2017	30.01.2017
Ungdomsrådet	006/2017	30.01.2017
Utval for plan og miljø	004/2017	02.02.2017
Formannskapet		

Kommunereforma - vidare arbeid

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:

Saksdokument:

Vedlegg: Sjå nederst i saka

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysningar:

Rådmannen viser til vedlegga om arbeidet med kommunereforma.

Møtet er eit felles møte med formannskapet i Os for formannskapet og gruppeleiarane som ikkje er representert i formannskapet.

Etter avtale med ordførar vert saka og meldt opp til formannskapet sitt ordinære møte i februar og går som referatsak til andre utval til orientering og eventuelle innspel.

Møteinnkalling

Felles formannskapskonferanse

24. januar 2017

Stad: Nore Neset Aktivitetshus, Skeismyra 8, Hagavik

- 08:30** Enkel frukostservering
- 09:00 - 09:30** Innleiing ved ordførarar
- 09:30 - 11:00** Om Fusa kommune, kort innleiing ved rådmann
- Økonomi, nøkkeltal (15 minutt)
 - Tenesteyting – styrker og utfordringar (20 minutt)
 - Samfunnsdelen av kommuneplanen (10 minutt)
 - Samfunnsutvikling, næring og infrastruktur (15 minutt)
- 11:00 - 11:15** Pause
- 11:15 - 12:45** Om Os kommune, kort innleiing ved rådmann
- Økonomi, nøkkeltal (15 minutt)
 - Tenesteyting – styrker og utfordringar (20 minutt)
 - Samfunnsdelen av kommuneplanen (10 minutt)
 - Samfunnsutvikling, næring og infrastruktur (15 minutt)
- 12:45 - 13:45** Lunsj
- 13:45 - 16:00** Utkast til framdriftsplan for 2017, og for perioden fram til 2020
Framlegg frå administrasjonen, ved rådmennene (vedlegg)

Organisering av kartleggingsgrupper/arbeidsgrupper

Orientering frå rådmennene (vedlegg)

Utkast informasjonsstrategi, ved rådmennene (vedlegg)

Møteplan styringsgruppa framover.
Framlegg: 13. mars, 24. april og 19. juni.

Diskusjon, spørsmål og refleksjon

Vedlegg:

Framdriftsplan for kommunesamanslåinga	1343600	18.01.2017
Kartleggingsgrupper - mal for arbeidet, versjon III	1343602	18.01.2017
Kommunikasjonsstrategi - styringsgruppa for Bjørnefjorden kommune	1343601	18.01.2017
Revidert intensjonsavtale Bjørnefjorden kommune datert 25.5.2016	1343604	18.01.2017
Revidert referat frå møte 21.11.2016 i styringsgruppa for kommunereforma	1343606	18.01.2017
Utkast til referat frå møte 19.12. i styringsgruppa	1343605	18.01.2017
Møteinnkalling 24.1.2017	1343603	18.01.2017

Styre, råd, utval	Sak nr	Møtedato
Formannskapet	004/2017	24.01.2017
Administrasjonsutvalet		
Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne	013/2017	30.01.2017
Ungdomsrådet	006/2017	30.01.2017
Utval for plan og miljø	004/2017	02.02.2017
Formannskapet		

Kommunereforma - vidare arbeid

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:

Saksdokument:

Vedlegg: Sjå nederst i saka

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysningar:

Rådmannen viser til vedlegga om arbeidet med kommunereforma.

Møtet er eit felles møte med formannskapet i Os for formannskapet og gruppeleiarane som ikkje er representert i formannskapet.

Etter avtale med ordførar vert saka og meldt opp til formannskapet sitt ordinære møte i februar og går som referatsak til andre utval til orientering og eventuelle innspel.

Møteinnkalling

Felles formannskapskonferanse

24. januar 2017

Stad: Nore Neset Aktivitetshus, Skeismyra 8, Hagavik

- | | |
|-----------------------|---|
| 08:30 | Enkel frukostservering |
| 09:00 - 09:30 | Innleiing ved ordførarar |
| 09:30 - 11:00 | Om Fusa kommune, kort innleiing ved rådmann <ul style="list-style-type: none">- Økonomi, nøkkeltal (15 minutt)- Tenesteyting – styrker og utfordringar (20 minutt)- Samfunnsdelen av kommuneplanen (10 minutt)- Samfunnsutvikling, næring og infrastruktur (15 minutt) |
| 11:00 - 11:15 | Pause |
| 11:15 - 12:45 | Om Os kommune, kort innleiing ved rådmann <ul style="list-style-type: none">- Økonomi, nøkkeltal (15 minutt)- Tenesteyting – styrker og utfordringar (20 minutt)- Samfunnsdelen av kommuneplanen (10 minutt)- Samfunnsutvikling, næring og infrastruktur (15 minutt) |
| 12:45 - 13:45 | Lunsj |
| 13:45 - 16:00
2020 | Utkast til framdriftsplan for 2017, og for perioden fram til |

Framlegg frå administrasjonen, ved rådmennene (vedlegg)

**Organisering av kartleggingsgrupper/arbeidsgrupper
Orientering frå rådmennene (vedlegg)**

Utkast informasjonsstrategi, ved rådmennene (vedlegg)

**Møteplan styringsgruppa framover.
Framlegg: 13. mars, 24. april og 19. juni.**

Diskusjon, spørsmål og refleksjon

Vedlegg:

Framdriftsplan for kommunesamanslåinga	1343600	18.01.2017
Kartleggingsgrupper - mal for arbeidet, versjon III	1343602	18.01.2017
Kommunikasjonsstrategi - styringsgruppa for Bjørnefjorden kommune	1343601	18.01.2017
Revidert intensjonsavtale Bjørnefjorden kommune datert 25.5.2016	1343604	18.01.2017
Revidert referat frå møte 21.11.2016 i styringsgruppa for kommunereforma	1343606	18.01.2017
Utkast til referat frå møte 19.12. i styringsgruppa	1343605	18.01.2017
Møteinnkalling 24.1.2017	1343603	18.01.2017

UTKAST FRAMDRIFTSPLAN FOR KOMMUNESAMANSLÅINGA

PERIODEN FRAM TIL FELLESNEMNDA ER PÅ Plass HAUSTEN 2017

24. JANUAR 2017	Formannskapskonferanse, styringsgruppe/formannskap/ gruppeleiarar/administrasjon/tillitsvalde Arbeidet med kartleggingsgrupper formelt sett i gang Utkast informasjonsstrategi lagt fram
2. FEBRUAR 2017	Arbeidet med internkontroll i Fusa sett i gang etter modell av arbeidet som er gjort i Os kommune
13. MARS 2017	Møte styringsgruppa med orientering om status kartleggingsgrupper og framlegging av utkast overordna framdriftsplan
24. APRIL 2017	Møte styringsgruppa med framlegging av notat frå kartleggingsgrupper
19. JUNI 2017	Møte styringsgruppa med orientering om Stortinget si behandling av kommunereforma og det vidare arbeidet fram mot etablering av fellesnemnd hasuten 2017

PERIODEN FRAM TIL 1. JANUAR 2020

Ein overordna framdriftsplan for heile perioden fram til 1. januar 2020 vil verte lagt fram på styringsgruppa sitt møte 13. mars 2017.

Ein overordna framdriftsplan vil verte behandla i kvart møte i styringsgruppa og i fellesnemnda. Framdriftsplanen/tidsplanen er eit aktivt arbeids- og styringsdokument og vil verte endra og justert undervegs i samanslåingsprosessen.

Konkretisering og utarbeiding av prosjektplan vil verte gjort fram mot etablering av fellesnemnda. I samband med det vil ein vurdere å kjøpe inn eit eige prosjektstyringsverktøy til bruk i prosjektet.

KOMMUNEREFORMA I KOMMUNANE FUSA OG OS

KARTLEGGINGSGRUPPER

Framlegg frå Os kommune til inndeling i undergrupper (må koordinerast med Fusa kommune):

- 1. Oppveksttenester**
 - a. Ei gruppe på tvers av fagtenestene PPT, barnevern, førebyggjande helse i begge kommunane, får i oppgåve å arbeide med etablering av eit framtidig «Familiens hus»
 - b. Kultur og idrett, samarbeid Kulturskule er etablert
 - c. Skule
 - d. Barnehage, samarbeid er etablert

- 2. Helse- og omsorgstenester**
 - a. Pleie og omsorg (Luranetunet, Fusa bu- og behandlingssenter, bubehandling og service, heimetenester, ressursteam, bestillar- og forvaltningskontor/tenestekontor)
 - b. Helsetenester (psykisk helse, rus, fysioterapi, ergoterapi, bestillar- og forvaltningskontor/tenestekontor)
 - c. Tenester for utviklingshemma (bufelleskap, Varafjell, dagsenter, bestillar- og forvaltningskontor/tenestekontor)
 - d. NAV (sosiale tenester, flyktningetenester, bustadkontor, bestillar- og forvaltningskontor/tenestekontor)
 - e. Brann, beredskap, legevakt

- 3. Økonomi**
 - a. Skatt
 - b. Rekneskap, økonomistyring, innkjøp

- 4. Tekniske tenester inkl. VVA og prosjekt**
 - a. Drift
 - b. Prosjekt

- 5. Samferdsle og transport**

- 6. Næringsliv**

- 7. Arealplanlegging, byggjesak, plan, kart/matrikkel, miljø og klima**
 - a. Byggesak
 - b. Plan
 - c. Kart og oppmåling

- 8. Administrasjon/arkiv/stabstenester**
 - a. Arkiv, digitalisering, kommunikasjon, informasjon, IKT
Sjå òg pkt 2 i vedtak av 19.12.2016
 - b. Personal

Arbeidet i gruppene/undergruppene skal resultere i eit notat det ein gjer opp status for området og utfordringar i dag. Dette skal det gjerast greie for uavhengig av den kommunesamanslåinga som kjem i 2020. Det vi er ute etter er eit faktagrunnlag for det arbeidet som skal gjerast fram mot kommunesamanslåing.

Det er viktig å sjå til det arbeidet som vart gjort i april 2016 (arbeidsseminar Rosendal) som forarbeid for inngått intensjonsavtale. Her er mykje å hente som kan brukast i kartleggingsarbeidet. Det må vere ein dialog med tillitsvalde for å finne fram til representasjon av tillitsvalde i gruppene.

Os kommune har fått eit ansvar ved kommunalsjef/einingsleiar å ta kontakt med tilsvarende tenester i Fusa kommune. Det er rom for å sjå på innretning av gruppene. Ved å snakke saman kjem ein fram til endeleg struktur og tal på grupper, namn på grupper og møteaktivitet framover for å produsere notat. Oppstart for arbeidet vert formelt etter styringsgruppemøte 24. januar 2017.

Kartleggingsgruppene utpeiker sjølv ein leiar for kvar av gruppene, og leiaren er ansvarleg for å gi ein rapport om status framdrift per 1. mars 2017 til rådmennene.

Frist for innlevering av notat til rådmennene: Måndag 3. april 2017

MAL FOR KARTLEGGINGSARBEIDET

Namn på kartleggingsgruppe:

Innleiing for kvar kartleggingsgruppe (maks ei halv side). Sei noko om det viktige ved kartleggingsgruppa sitt område:

Tenester som vert tilbydd i kartleggingsgruppa sitt område/delområde i stikkordsform:

Tal på årsverk og kompetanse, for ulike delar av området

Delområde	Årsverk	Kompetanse

Økonomi og rammevilkår, for ulike delar av området

Delområde	Økonomi	Rammevilkår

Planar innanfor økonomiplanperioden, for ulike delar av området

Delområde	Periode	Planer

Samarbeid med andre aktørar, fylket og region, for ulike delar av området

Delområde	Aktør	Kva for samarbeid

Utfordringar i dag, gi greie for etterslep, for ulike delar av området

Delområde	Etterslep	Utfordringar

Moglege tema for effektivisering ut frå situasjonen i dag, for ulike delar av området

Delområde	Status	Mogleg effektivisering


Strategiske val i framtida, for ulike delar av området

Delområde	Status	Strategiske val i framtida

Versjon I 12.1.2017

Versjon II 12.1.2017

Versjon III 12.1.2017



Kommunikasjonsstrategi

for styringsgruppa til Bjørnefjorden kommune, 2017



Innhold

1	Oppsummering av kommunikasjonsstrategien	3
1.1	Mål	3
1.2	Tiltak.....	3
1.3	Bonusverknader	3
2	Bakgrunn	3
3	Kven er målgruppa?	4
4	Kanalar og røyster	4
5	Innhold	5
6	Språk	5



1 Oppsummering av kommunikasjonsstrategien

1.1 Mål

Innbyggjarar, tilsette og andre interesserte skal kjenne seg maksimalt inkluderte allereie i første fase av samanslåingsprosessen mellom Os og Fusa kommune.

1.2 Tiltak

- Lage ein eigen nettstad/blogg og facebookside som blir talerøyret til den politiske styringsgruppa som jobbar med reformarbeidet før fellesnemnda tar til. Legge til rette for at fellesnemnda kan ta over på ein smidig måte.
- Referere frå møta til styringsgruppa på ein forståeleg måte, fortelje kven dei er og kor samanslåinga ligg i løypa.
- Svare på spørsmål.
- Lytte
- Gjere møta til styringsgruppa og relevante dokument tilgjengelege for alle.
- Halde held jamleg dialog med dei tilsette i kommunen.
- Halde god dialog med media.

1.3 Bonusverknader

Strategien legg eit godt kommunikasjonsgrunnlag for fellesnemnda og til slutt for den nye kommunen.

2 Bakgrunn

Kommunereforma er i ein mellomfase. Den politiske styringsgruppa frå Fusa og Os kommune er i gang med å avklare overordna, praktiske spørsmål i tråd med intensjonsavtalen, før Stortinget vedtar ei samanslåing juni 2017. Først då blir det oppretta ei fellesnemnd som for alvor skal jobbe med å danne den nye kommunen.

På styringsgruppa sitt møte 19. desember 2016, var gruppa einige om at intensjonsavtalen *Bjørnefjorden kommune* gir føringar for det vidare arbeidet. I kapittel 9 står det at «Gjennom aktiv kommunikasjon og god medverknad skal det sikrast at alle får god informasjon og vert høyrde i reformprosessen.»

Både innbyggjarar og tilsette kan vere usikre på kva ein ny kommune vil ha å seie for tenestene og for dei sjølv. Det vil også vere naturleg å spørje om sjølv samanslåingsprosessen vil påverke drifta i kommunane. Denne kommunikasjonsstrategien legg til rette for ein gjennomiktig samanslåingsprosess som tar skepsis og spørsmål på alvor. Han skal gi høve for medverknad ved at innbyggjarane, media og dei folkevalde får sjå kva som går føre seg bak scena.

I første omgang gjeld kommunikasjonsstrategien for arbeidet til den politiske styringsgruppa, men han står til fellesnemnda sin disposisjon når den tid kjem. Vidare kan han danne grunnlaget for kommunikasjonsarbeid og gjennomiktigheit i den nye kommunen. Med blanke ark har vi moglegheit til å lage ein mønsterkommune også innan kommunikasjon og innsyn.



[Regjeringa skriv om kommunesamanslåing:](#)

Mangelfull informasjon og dialog kan føre til negativt fokus, med uheldige følger for prosessen. Derfor er det viktig å få på plass et system for informasjonshåndtering og kommunikasjon så tidlig som mulig. Det bør settes av tilstrekkelig med tid og ressurser til å følge dette opp. Aktiv informasjon og medvirkning i en tidlig fase kan bidra til økt engasjement og debatt. Dette kan gi større legitimitet til prosessen og "eierskap" til den nye kommunen.

Kommunikasjonsstrategien er eit tidleg svar på dette. Som eit første ledd vedtok styringsgruppa også 19. desember 2016 at deira framtidige møte blir førte i den politiske møteplanen, og at dei blir opne for alle.

3 Kven er målgruppa?

- Innbyggjarar i Fusa og Os kommune
- Våre eigne tilsette
- Media
- Politikarar
- Myndigheiter
- Næringsliv
- Organisasjonar
- Leverandørar

Kommunereforma opptar nokre stort og andre ikkje i det heile. Vår oppgåve er å gjere fakta og kva som går føre seg i samanslåingsarbeidet så lett tilgjengeleg som mogleg. Det skal vere enkelt å oppdatere seg på stoda, og det skal vere låg terskel for å stille spørsmål. Vi informerer og lyttar med respekt!

4 Kanalar og røyster

Samanslåingsarbeidet får sin eigen plattform, slik at informasjonen ut i dei to kommunane blir samkøyr. Avsendaren står då fram som ein gryande organisasjon. Ein blogg med spegling mot Facebook er eit passende format for informasjonen styringsgruppa skal ut med. Ettersom prospektet *Bjørnefjorden kommune* legg føringar for arbeidet til styringsgruppa, kan namnet *Bjørnefjorden kommune* brukast som arbeidstitel/url på nettstaden (Os kommune har nettadressa og facebookside). Løysinga bør rett nok ikkje bli utdatert om fellesnemnda vel å føre vidare kanalane.

Dei som skriv innlegg på bloggen, signerer med namn. Slik er styringsgruppa ei gruppe personar, og ikkje ei ansiktslaus eining. Medlemane kan så langt det lar seg gjere veksle på å komme med oppdateringar frå gruppa. Slik får vi røyster frå begge kommunane, det kjem fram at alle er aktive i prosessen, og lesaren blir betre kjend med styringsgruppa.

Dei to kommunane kan spreie informasjonen frå bloggen på sine plattformer.



Representantar frå administrasjonen i styringsgruppa held jamlege dialogmøte i sine kommunar med oppdateringar for dei tilsette. Her er det også høve for spørsmål og samtale. Tillitsvalde (som også sit i styringsgruppa) er med på møta. Administrasjonen supplerer med informasjon på intranett/e-post.

Styringsgruppa kontaktar media med jamlege oppdateringar, og oppmodar dei generelt om å vere til stades på møta.

Styringsgruppa blir einige om ansvarsområde for kommunikasjonen, kven som er mest egna til å uttale seg om kva.

Om fellesnemnda fører vidare kommunikasjonsstrategien, kan dei vurdere å spørje lokalmedia om dei er interesserte i å lage til ei eiga spalte for faste oppdateringar/møteplan.

5 Innhald

Styringsgruppa skal først og fremst fortelje om kva dei diskuterer og vedtar på møta sine. Det må også komme fram kven som er i gruppa. Dei må til ei kvar tid fortelje lesaren kor langt vi har kome i prosessen og kva som skjer vidare. Ved at mottakarane får ta del i eventuelle utfordringar, får dei større forståing for at samanslåinga er ein omfattande prosess.

Styringsgruppa handlar ut frå kommunestyrevedtaka om samanslåing og formidlar fakta, ikkje haldningar. Formålet med kommunikasjonsstrategien er å vise kva gruppa driv med, og å gjere det enkelt å involvere seg i sjølve samanslåingsprosessen.

Nettsida kan ha ein ofte-stilte-spørsmål-seksjon og moglegheit for å sende inn spørsmål. Også ved å la medlemmane i styringsgruppa veksle på å svare på spørsmål (gjerne ut frå ansvars-/fagområde) får folk moglegheit til å bli betre kjende med dei. På same måte svarer dei på spørsmål/kommentarar på Facebook så snart som råd. Éin person har ansvaret for å overvake kanalane, fordele spørsmål og skrive eller «bestille» oppdateringar.

Styringsgruppa tar innspel frå publikum på alvor, og kan diskutere dei på møta sine.

6 Språk

Styringsgruppa skriv til publikum med klarspråk og unngår byråkratiske vendingar. «Fortell det som om det var over middagsbordet» er eit godt mantra. Tekstane er delte inn i avsnitt med beskrivande mellomoverskrifter. Nynorsk er administrasjonsspråk i begge kommunane, og derfor også i styringsgruppa. Styringsgruppa møtest i ei felles norm for rettskriving med eit tilgjengeleg og framtidretta nynorsk. Avdeling for kommunikasjon og digitalisering i Os kommune kan gi råd og eventuelt kvalitetssikre tekst.



BJØRNEFJORDEN KOMMUNE

Intensjonsavtale for ny kommune

Forhandlingsutvala i kommunane Fusa og Os



Foto: S. S.

Revidert intensjonsavtale datert 25. mai 2016

- 1 Innleiing og status**
- 2 Visjon**
- 3 Mål**
- 4 Føresetnader**
- 5 Prinsipp for politisk organisering**
- 6 Prinsipp for tenestilbod og kompetanse**
- 7 Kommunalt eigarskap**
- 8 Kommunikasjon og transport**
- 9 Kommunikasjonsstrategi for reformprosessen**
- 10 Kva må det tas standpunkt til før 1. juli 2016?**
- 11 Framdriftsplan**

1 Innleiing og status

Avtalen tar for seg oppgåver som kommunane allereie løyser og ser også på rom for utvikling og fordeling innan ein fusjonert Bjørnefjorden kommune.

Avtalen byggjer på føresetnaden om likeverdige partar. Målet er at ein ny kommune skal skape ein meirverdi for innbyggjarane i dei to kommunane innafor gode økonomiske og miljømessige rammer, og innan rammene av eit velutvikla og sterkt lokaldemokrati.

Kommunestyremøta 18. mai 2016 i dei tre kommunane Fusa, Os og Tysnes ga det resultatet at Tysnes kommune sa nei til intensjonsavtalen datert 9. mai 2016. Os kommune sa ja til intensjonsavtalen og Fusa kommune tok intensjonsavtalen til orientering. Kommunane Fusa og Os arbeider vidare fram mot endeleg vedtak om samanslåing i juni månad.

Møtet mellom forhandlingsutvala i kommunane Fusa og Os 23. mai 2016 tok opp problemstillingar knytt til det faktum at Tysnes no er ute av intensjonen om å etablere ein ny Bjørnefjorden kommune. Ein revidert intensjonsavtale byggjer på intensjonsavtalen datert 9. mai 2016. Resultatet av revideringa datert 24. mai 2016 er at intensjonsavtalen no omfattar kommunane Fusa og Os.

Avtalen byggjer på føresetnaden om likeverdige partar. Målet er at ein ny kommune skal skape ein meirverdi for innbyggjarane i dei to kommunane innanfor gode økonomiske og miljømessige rammer, og innanfor rammene av eit velutvikla og sterkt lokaldemokrati.

1.1. Nokre nøkkeltal for kommunane Fusa og Os

	Fusa	Os	Total
Innbyggjartal	3 876	19 742	23 618
Areal	377,83 km ²	139,56 km ²	517,39 km ²
Befolkningstettleik	10,26 per km ²	141,46 per km ²	45,65 per km ²

1.2. Økonomisk status per 1.1.2016

Ekspertutvalet for kommunereforma opererer med ti kriterium som dei tilrår at alle kommunar gjer vurderingar etter. Det femte kriteriet er økonomisk soliditet. Tabellane under viser nøkkeltal som utgangspunkt for økonomisk status i dag.

Inntekter (Kostratal)	Fusa	Os	Bjørnefjorden
Sum driftsinntekter per innbyggjar	84750	65427	68598
Av desse frie inntekter per innbyggjar	56792	47240	48808

Lånegjeld (Kostratal)	Fusa	Os	Bjørnefjorden
Netto lånegjeld i 2015 i % av brutto driftsinnt.	63,9%	107,5%	110,8%
Netto lånegjeld i kr per innbyggjar	54125	70359	70623

Lånegjeld mot brutto driftsinnt. (Kostratal)	Fusa	Os	Bjørnefjorden
Netto lånegjeld (lånegjeld minus startlån)	228 542 000	1 444 161 000	1 672 703 000
Brutto driftsinntekter	242 483 000	1 266 518 000	1 509 001 000

2 Visjon

«Saman for vekst og utvikling!»

er den overordna visjonen fram til den nye Bjørnefjorden kommune vert etablert.

3 Mål

Tenester

- Bjørnefjorden kommune skal gjennom sameining skape endå betre tenester med godt tilgjenge, gode fagmiljø og rom for fagleg og personleg utvikling og vekst.

Samfunnsutvikling

- Bjørnefjorden kommune skal utnytte naturgitte og menneskelege ressursar i den nye kommunen for å skape unike rom for utvikling og vekst innanfor næringsutvikling, kultur, plan og bumiljø.
- Bjørnefjorden kommune skal vere den føretrekte partner for enkeltpersonar, verksemdar og andre som ønskjer å skape noko nytt.

Myndigheitsutøvar

- Bjørnefjorden kommune skal skape føreseielege og trygge rammer for den enkelte innbyggjar.

Demokratisk arena:

- Gjennom involvering og gode medverknadsordningar skaper vi legitimitet og oppslutnad om Bjørnefjorden kommune.

4 Føresetnader

4.1. Kommunenamn

Kommunenamnet Bjørnefjorden kommune vert brukt som arbeidsnamn fram til avgjerd ved etablering av ny kommune 1. januar 2020.

4.2. Kommunesenter og bruk av kommunehus

Kommunesenteret i Bjørnefjorden kommune vert Osøyro. Kommunale arbeidsplassar skal fordelast mellom dei to kommunehusa og andre kommunale arbeidsstadar. Arbeidsplassar vert fordelte om lag som i dag. Eikelandsosen vert kommunedelsenter i Bjørnefjorden kommune, og skal styrkast ved fordeling av funksjonar. Det skal leggjast vekt på å byggje opp robuste og heilskaplege fagmiljø både i Eikelandsosen og Osøyro.

Hordaland fylkeskommune vedtok i 2014 «Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel». I denne planen er Osøyro er definert som regionsenter i Hordaland, saman med Knarvik, Vossevangen, Straume, Kleppstø, Norheimsund, Odda sentrum, Leirvik og Husnes.

4.3. Kommunevåpen

Utarbeiding av kommunevåpen, visuell profil, m.m. vert ein del av prosessen fram mot 1. januar 2020.

4.4. Administrative prosessar i ein ny kommune

Å etablere ein ny kommune er teknisk sett ei verksemdsovertaking. Det inneber at dei tilsette er sikra rettane sine gjennom det som er fastsett i lov- og avtaleverk.

Det skal etablerast ein arbeidsgivarpolitikk som samlar og utviklar arbeidstakarane i den nye kommunen, og som legg til rette for gode relasjonar mellom arbeidsgivar og arbeidstakarar. Det vert lagt opp til høg grad av medverknad på lokalt og sentralt nivå under etablering av Bjørnefjorden kommune.

Ingen tilsette skal seiast opp som følgje av kommunesamanslåinga. Endring av oppgåver/tenestestad skal skje etter medverknad frå tillitsvalde. Tilsette skal ikkje få reduksjon i løna si som følgje av kommunesamanslåinga. Det er eit mål at eventuell seinare bemanningsreduksjon som følgje av andre årsaker (t.d. økonomi) skal skje gjennom naturleg avgang.

Tilsette skal sikrast pensjon i KLP/Statens pensjonskasse. Tillitsvalde sin medverknad i prosessen skal ivaretakast i tråd med reglane i hovudavtalen. Det skal vera openheit og dialog i prosessane. Ein skal inngå ein overordna omstillingsavtale før eventuelt endeleg vedtak om samanslåing.

4.5. Kommuneøkonomi

Skattar og avgifter skal harmoniserast i Bjørnefjorden kommune. Nivået på kommunale tenester og gebyr skal vere likt i heile den nye kommunen. Det er eit mål at det ikkje skal vere eigedomskatt i Bjørnefjorden kommune. Det må etablerast overgangsreglar for dette.

Vedtatte investeringsprosjekt vert vidareførte i den nye kommunen. Alle investeringsprosjekt skal vere økonomisk forsvarlege og ha ei sikker finansiering. Etablering av Bjørnefjorden kommune vil gi grunnlag for å sjå på effektiviseringsgevinstar, m.a. innan felles politisk og administrativ leing. Frigjorte midlar og ressursar skal fortrinnsvis nyttast til å styrke tenestetilboda i den nye kommunen.

Bjørnefjorden kommune vil motta økonomiske midlar i form av eingongstilskot og reformstøtte ved endra kommunestruktur, samt inndelingstilskot i ein periode på 15 år + 5 år nedtrapping. Ein kan sjå for seg tre scenario:

1. Nullalternativet der dei to kommunane held fram som eigne kommunar som no, med nytt inntektssystem.
2. Lokalt samanslåingsvedtak innan 01.07.16 og nasjonalt samanslåingsvedtak til ein Bjørnefjorden kommune innan utgangen av reformperioden 01.01.18. Den nye kommunen får tilskot til dekking av eingongskostnader og reformtilskot på til saman 45 millionar kroner. Den nye kommunen vil også få inndelingstilskot i 15 år + 5 år med nedtrapping basert på dagens inntektssystem (basistilskot, regionale tilskot og ev. vekstkommunetilskot), samt ta del i fordelinga av det nye regionsentertilskotet på 200 millionar kroner (vert gitt til kommunar over 9-10 000 innbyggjarar som har deltatt i kommunereforma og har regionsenterfunksjon).
3. Samanslåingsvedtak, tvunge eller frivillig, etter reformperiodens utløp 01.01.18. Den nye kommunen mistar dekking av eingongskostnader og reformtilskot på 45 millionar kroner. Den nye kommunen vil ikkje få inndelingstilskot i 15 år + 5 år med nedtrapping basert på dagens inntektssystem eller ta del i fordelinga av det nye regionsentertilskotet på 200 millionar kroner.

5 Prinsipp for politisk organisering

Dei to kommunane har i dag følgjande politisk styringsstruktur og representasjon:

Organ	Fusa	Os
Kommunestyre	21	35
Formannskap	9	9
PBU, Landbruk/teknisk	9	9
Tenesteutval	-	9
Kontrollutval	5	5
Adm.utval/personal	5 politisk	3 politisk
Arbeidsmiljøutval	Administrativt	Administrativt

Framlegg til politisk styringsstruktur i Bjørnefjorden kommune:

Kommunestyre	35 representantar	
Formannskap	9 representantar	(økonomi, alle næringsaker)
Plan- og bygningsutval	9 representantar	(plan- og byggesaker)
Tenesteutval	9 representantar	(tenesteutvikling oppvekst, helse, kultur, teknisk)
Administrasjonsutval	3 politiske representantar	
Arbeidsmiljøutval	administrativt	

Fellesnemnda for Bjørnefjorden kommune skal i perioden fram til 01.01.2020 ha følgjande samansetjing: Os kommune 5 representantar og Fusa kommune 5 representantar. Kommunestyra i dei to kommunane vel sine respektive representantar til fellesnemnda.

Lokalpartia i Os og Fusa vil arbeide for god geografisk spreing på kandidatane ved nominasjonen til første felles kommuneval i Bjørnefjorden kommune i 2019.

6 Prinsipp for tenestilbod og kompetanse

Prinsipp for tenestetilbod og kompetanse må organiserast for framtidige behov. Det skal vere god kvalitet på tenestetilbodet. Gjeldande planar vert vidareførte fram til Bjørnefjorden kommune vedtar nye. I samband med tenestelevering skal det leggjast vekt på utvikling av gode fagmiljø og godt lokalt tilgjenge.

Bjørnefjorden kommune skal støtte lokalt næringsliv og innbyggjarar i å utvikle nye aktivitetar og berekraftige tiltak. Gjennom strategisk samfunns- og næringsutvikling vil det verte lagt til rette for nye arbeidsplassar. Etablerte planar skal vidareførast gjennom samordning.

Det skal vere ei prioritert oppgåve å rekruttere og halde på gode fagpersonar. Det vil vere behov for ei kompetansekartlegging for å utarbeide ein kompetanseplan som ser på rekruttering og organisering av arbeidstyrken i Bjørnefjorden kommune.

6.1. Oppvekst og kultur

Kommunesamanslåinga skal ikkje i seg sjølv føre til endringar i barnehage- og skulestruktur. Ungdomsskuletilbodet skal oppretthaldast i begge kommunane.

Bjørnefjorden kommune vil arbeide i lag med Hordaland fylkeskommune for å oppretthalde Fusa vidaregåande skule, Os gymnas og Os vidaregåande skule.

Bjørnefjorden kommune skal medverke til eit breitt lokalt kulturtilbod i heile kommunen.

6.2. Helse og omsorg

Eit hovudprinsipp vil vere at tenestene skal plasserast med godt tilgjenge for innbyggjarane. Tenester som t.d. helsestasjonar og fastlegar skal oppretthaldast i Eikelandsosen og Osøyro.

Kommunesamanslåinga skal i seg sjølv ikkje føre til endringar i legevakttilboda i Eikelandsosen og Osøyro.

Fusa bu- og behandlingssenter og Luranetunet omsorgssenter skal vidareførast som basar for omsorgstenestene i Bjørnefjorden kommune.

Bjørnefjorden kommune vil arbeide i lag med Hordaland fylkeskommune for å oppretthalde offentlege tannhelsetilbod i Eikelandsosen og på Osøyro. Dersom den offentlege tannhelsetenesta vert overført til primærkommunane, skal Bjørnefjorden kommune freiste å etablere tilbod både i Eikelandsosen og Osøyro.

6.3. Tekniske tenester

Tekniske tenester vil seie arealplanlegging, landbruksforvaltning, natur-/miljøforvaltning, byggesak, oppmåling, eigedoms-/kartdata, vatn/avløp, veg/trafikk og kommunal eigedom.

I den nye kommunen er forvaltningsoppgåver og myndigheitsutøving samla i større fagmiljø, medan drift og vedlikehald i hovudsak føregår lokalt der bygg og anlegg ligg.

6.4. Samfunnssikkerheit og beredskap

Samfunnssikkerheit og beredskap skal prege den nye kommunen sitt daglege arbeid. Organiseringa skal tuftast på lokal kunnskap, samordning av ressursar, godt tilgjenge og sterke fagmiljø.

Brann- og redningstenesta i Bjørnefjorden kommune skal lokaliserast med avdelingar i Os og Eikelandsosen.

6.5 ASVO-verksemder

I ein ny Bjørnefjorden kommune vil det vere naturleg å samla ASVO-verksemdene i eitt selskap, med avdelingar i Fusa og Os.

7 Kommunalt eigarskap

Bjørnefjorden kommune må utvikle strategiar for forvaltning av eigarinteresser. Kvar av kommunane overfører sine eigedomsporføljer til Bjørnefjorden kommune.

8 Kommunikasjon og transport

Ein ny Bjørnefjorden kommune vil vere langstrakt og avhengig av gode ferje-og bussamband.. Det vil vere nødvendig å innleie samtalar med Hordaland fylkeskommune (leverandør av kollektivtenester) for å sjå på strukturen i kollektivtilbodet i Bjørnefjorden kommune. Kort reisetid til Bergen vil vere viktig.

Bru over Bjørnefjorden vil ikkje ha særleg effekt for Fusa kommune utan at det vert gjort alvor av intensjonen om påkopling til E39 med bruløysing mot Fusa. Best effekt vil ein få om dette vert ei samankopling med E134, Hordalandsdiagonalen Odda - Bergen. Bjørnefjorden kommune har som ambisjon å ruste opp fylkesveg 552 mellom Eikelandsosen og Osøyro med gul midtstripe.

Bjørnefjorden kommune vil ta initiativ overfor Hordaland fylkeskommune for å etablere ei intern snøggåtrute Osøyro - Eikelandsosen/Venjaneset, samt betre snøggåtsambandet inn og ut av Bjørnefjordsbassenget.

9 Kommunikasjonsstrategi for reformprosessen

Gjennom aktiv kommunikasjon og god medverknad skal det sikrast at alle får god informasjon og vert høyrde i reformprosessen.

Ein kommunikasjonsstrategi er utarbeidd og tar sikte på å få fram intern og ekstern informasjon i prosessen.

10 Kva må det tas standpunkt til før 1. juli 2016

Prosessen i kommunereforma er lagt opp med sikte på at Regjeringa skal legge fram ein proposisjon for Stortinget våren 2017. Kravet til kommunane sitt vedtak innan 1. juli 2016 er om, og eventuelt kven, kommunane ønskjer å slå seg saman med. Det er ikkje krav til at kommunane skal ta stilling til namn på den nye kommunen, tal på representantar i det nye kommunestyret eller andre tema.

Kommunane må ha tett kontakt med Fylkesmannen om framdrift og kva som må vere klart før 1. juli 2016. Fylkesmennene skal kome med sine oppsummeringar og tilrådingar om den framtidige kommunestrukturen i sine fylke innan 1. oktober 2016.

11 Framdriftsplan

Dette dokumentet er ein felles intensjonsavtale mellom kommunane Fusa og Os etter at Tysnes kommune sa nei til intensjonsavtalen datert 9. mai 2016. Intensjonsavtalen har vore behandla i forhandlingsutvala og kommunestyra våren 2016, fram mot endeleg vedtak i juni 2016.

Intensjonsavtalen har vorte oppdatert fortløpande med dei innspela som har kome frå forhandlingsutvala, administrasjon og tillitsvalde. Det har vore lagt opp til brei medverknad og dialog i prosessen. Intensjonsavtalen datert 24. mai 2016 omfattar kommunane Fusa og Os.

Framdriftsplan for reformprosessen mars - juni 2016:

- Onsdag 16. mars: Felles møte med dei tre forhandlingsutvala i kommunane Fusa, Os og Tysnes.
- Torsdag 14. og fredag 15. april: Administrasjon og tillitsvalde behandlar innhald i framlegg til intensjonsavtale, felles fagseminar for dei tre kommunane.
- Måndag 25. april: Felles møte med dei tre forhandlingsutvala, gjennomgang av resultatata frå fagseminaret.
- Måndag 9. mai: Felles møte med dei tre forhandlingsutvala, sluttforhandling av intensjonsavtale.
- Onsdag 18. mai: Behandling og godkjenning av intensjonsavtalen og vedtak om medverknadsprosessar i dei tre kommunestyra
- Måndag 23. mai: Felles møte med forhandlingsutvala i Fusa og Os, status etter at Tysnes sa nei til vidare samarbeid.
- Tysdag 7. juni: Folkemøte i Fusa kommune.
- Onsdag 8. juni: Folkemøte i Os kommune.
- Torsdag 9. juni - søndag 12. juni: Meiningsmåling i kommunane Fusa og Os, telefonoppringing til utval av innbyggjarane.
- Måndag 20. juni 2016: Behandling i formannskapa i dei to kommunane.
- Onsdag 22. juni 2016: Behandling og vedtak om samanslåing i dei to kommunestyra.

MØTE I DEN POLITISKE STYRINGSGRUPPA FOR KOMMUNEREFORMA FOR KOMMUNANE FUSA OG OS UTKAST REFERAT

Tid: Mandag 21. november 2016

Stad: Skjelbreid Poirée Hålandsdalen

Til stades:

Fusa kommune: Atle Kvåle, Aud May Boge, Svein Lang, Linda Ann Lohne, Elisabeth Farstad.

Os kommune: Terje Søviknes, Marie E. Bruarøy, Helge Steinum, Jonny Christensen, Christian F. Fotland, Paul J. Manger (referent).

Agenda for møte:

- 1) Status kommunereform i dei to kommunane
- 2) Prioriterte oppgåver fram mot hausten 2017 og delegering av fullmakt. Det vert vist til kommunestyresak der følgjande område vart skissert:
 - Innovasjon og nyskaping
 - IKT organisering
 - Pilotprosjekt
 - Planarbeid
 - Kulturbygging
 - Arkiv – og arkivtenester
 - Offentlege anskaffingar
 - Kommunikasjon
 - Andre aktuelle område/ satsingar?
- 3) Overordna administrativ organisering
- 4) Framlegg til møteplan i styringsgruppa: 16. januar, 13 mars, 15. mai, 19. juni

1) Status kommunereform i dei to kommunane

Kort velkomst og innleiing ved Atle Kvåle. Arbeidet som ein no tar til med heldt fram formelt i fellesnemnda hausten 2017. Spørsmålet om handtering av rådmannsfunksjonen i den nye kommunen kom opp. Sett opp som punkt til sist i møte.

Viktig å kome i gang med ein arbeidsplan for prosessen. Det må avklarast kva mandat som skal gis framover, både politisk og administrativt. Ein må lage strukturar og milepælsplanar. Administrativ organisering må på agendaen. Møte som er på plan for 24. januar 2017 må ta for seg tema som budsjett og samfunnsplan for dei to kommunane. På dette møtet må gruppeleiarar som ikkje har plass i dei to formannskapa, samt dei to rådmennene sine leiargrupper og fleire frå tillitsmannsorganisasjonane, vere til stades.

To viktige element: 1) Semje om korleis ein skal drive informasjonsarbeid, internt og eksternt, og 2) Tema om korleis ein skal byggje felles kultur fram mot 2020. Alle tilsette må involverast og trekkjast med for å få fram eigarskap til prosessar som skal iverksettast. Tillitsvalde la vekt på at det skal vere «høgt under taket» i arbeidet som skal utførast framover, og at at dette skal ein få til

gjennom samarbeid. Må avklarast kva rolla til dei tillitsvalde i gruppa skal vere. Det var semje om at dei tillitsvalde er med på lik linje med alle andre.

Mandat for fellesnemnda vert gitt i felles kommunestyre hausten 2017. To punkt må ivaretakast: 1) Få fram det beste i prosessen for samanslåingsprosessen, og 2) Ivareta at det er to organisasjonar som skal drive løpande tenesteproduksjon. Få på plass ein prosjektplan som har tidsramme fram til 1.1.2020, og som vert lagt fram for fellesnemnda hausten 2017. Styringsgruppa har ei sentral rolle fram til fellesnemnda er på plass. Frå politisk hald vart det bede om eit notat frå rådmannsnivå om korleis prosjektorganiseringa skal/bør vere. Eit notat med tilråding som går til politisk vedtak på nyåret 2017.

2) Prioriterte oppgåver fram mot hausten 2017 og delegering av fullmakt

Det vart presentert ulike område som kan vere moglege pilotar i arbeidet med samanslåing:

1) Kulturskulearbeid, 2) Barnehageadministrativ funksjon, 3) Det personaladministrative arbeidet.

Andre område: Matrikkel/arkiv/IKT/velferdsteknologi. Internkontrollarbeidet som Os kommune har gått i gang med hausten 2016 vart trekt fram. Veggen vidare for dette arbeidet vart diskutert.

Beslutningsgrunnlaget for dei åtte punkta skissert i dagsorden er viktige. Her må det prioriterast. Må blinke ut nokre oppgåver og gi mandat til dei som skal arbeide med desse fagområda. Formell tilbakemelding om arbeidet til formannskap/kommunestyre. Tillitsvalde kommenterte at endring kan føre til slitasje for medarbeidarar og organisasjon. Det må vurderast ordningar med frikjøp i det framtidige arbeidet.

Frå politisk hald vart det peikt på at det er viktig at rådmennene får eigne medarbeidarar til å setje seg i førarsetet som prosjektleiarar for dei prosessane som vi skal i gang med. Engasjement nedanfrå og oppover er viktig. Frå administrativt hald i Fusa vart det uttalt at det er stor iver i Fusa kommune etter å kome i gang med arbeidet fram mot ein felles kommune. Frå politisk hald vart det presisert at rådmennene må få styringsansvar for å setje saman tematiske grupper / temagrupper. Det er viktig å prioritere det strategiske i arbeidet framover. Mandat må vere måleverktøy i arbeidet, hovudmål og delmål.

3) Overordna administrativ organisering

Notat presentert, sjå vedlegg. Tydeleg mandat i prosjektperioden er viktig. Modellane A og B i notatet presentert. Diskusjon i møte. Anbefalt å gå mot modell B i ei tilpassa form.

Handtering av rådmannsfunksjonen i den nye kommunen til diskusjon utan rådmenn til stades.

4) Framlegg til møteplan i styringsgruppa: 16. januar, 13 mars, 15. mai, 19. juni

Nytt møte : Mandag 19. desember kl 09:00 - 13:00 på Oseana kunst- og kultursenter.

MØTE I DEN POLITISKE STYRINGSGRUPPA FOR KOMMUNEREFORMA FOR KOMMUNANE FUSA OG OS UTKAST REFERAT

Tid: Mandag 19. desember 2016

Stad: Oseana, Osøyro

Til stades:

Fusa kommune: Atle Kvåle, Svein Lang, Linda Ann Lohne, Elisabeth Farstad.

Forfall: Aud May Boge

Os kommune: Terje Søviknes, Marie E. Bruarøy, Helge Steinum, Jonny Christensen, Christian F. Fotland, Erlend Astad Lorentzen (informasjon), Paul J. Manger (referent).

Agenda for møte:

1) Prosjektstyring, overordna modell for leiing og organisering.

Det vert vist til notat frå Terje Søviknes frå sist møte. Vidare diskusjon

2) Sak om pilotprosjekt og kartleggingsarbeid:

- Organisasjonsutvikling, organisasjonskultur og internkontroll
- IKT og digitalisering
- Det personaladministrative arbeidet
- Samanslåing av barnehageområda
- Samanslåing av kulturskulane i Fusa og Os
- Andre prosjekt:
 - o Næring
 - o Velferdsteknologi
- Kartleggingsgrupper (vedlegg)

3) Eventuelt

VEDTAK GJORT AV STYRINGSGRUPPA I MØTE:

- 1) Det vert sett i gang eit arbeid med internkontroll. Det vert sett ned ei arbeidsgruppe i kvar kommune og ei felles administrativ styringsgruppe.**
- 2) Det vert oppretta ei arbeidsgruppe som startar arbeidet med kartlegging og aktivitetar innan IKT og digitalisering. Prosjektet støttar seg på rapporten "Digitale konsekvenser av en kommunesammenslåing" i det vidare arbeidet med digital samanslåing av kommunane. Det må vere fokus på informasjon og kommunikasjon, både internt og mot innbyggjarar. I tillegg bør ein få oversikt over problemstillingar knytt til anskaffingar fram mot etablering av ein ny kommune. Rådmennene i dei to kommunane får delegert fullmakt til dette arbeidet. Det vert gitt statusrapportar til styringsgruppa og seinare fellesnemda når den er oppretta.**
- 3) Det vert lyst ut ei stilling i januar 2017 til personaladministrativt arbeid i samband med samanslåinga, med sikte på tilsetjing våren 2017. Finansieringa av stillinga vert frå tilskotsmidlar frå Fylkesmannen i Hordaland. Stillinga skal ved oppstart plasserast i Fusa kommune.**

- 4) Det vert oppretta konkrete pilotprosjekt på følgjande område:
1) Barnehageområdet, 2) Kulturskuleområdet, 3) Næringsområdet, og
4) Velferdsteknologi/ kvardagsrehabilitering
- 5) Det vert starta opp kartleggingsgrupper innanfor følgjande område:
1. Oppveksttenester
2. Helse- og omsorgstenester
3. Økonomi
4. Tekniske tenester inkl. VVA og prosjekt
5. Samferdsle og transport
6. Næringsliv
7. Arealplanlegging, byggjesak, plan, kart/matrikkel, miljø og klima
8. Administrasjon/arkiv/stabstenester
Gruppene vert oppretta administrativt med tillitsvalde i alle gruppene.

UTKAST REFERAT:

Kort velkomst og innleiing ved Terje Søviknes. Innmeldt under eventuelt: 1) Agenda for møte 24. januar 2017, 2) Kartlegging, 3) Prinsippvedtak om plassering einingar, 4) Status intensjonsavtalen.

1) Prosjektstyring, overordna modell for leing og organisering.

Fellesnemnda vert oppnemnt etter Stortinget si behandling og vedtak i juni 2017 om kommunereforma. Perioden fram til dette skjer vil vere ein mellomfase. Fellesnemnda for dei to kommunane kjem i arbeid i september 2017. Framlegg om å ta sak til politisk behandling i dei to kommunestyra i februar 2017 om korleis fellesprosjektet om å etablere ny kommune skal organiserast. Fellesnemnda vil peike ut rådmann, som òg vert prosjektleiar for kommunesamanslåinga frå same tidspunkt.

Det arbeidet som skjer første halvdel 2017 vert administrativt prega. Informasjon undervegs i arbeidet er viktig å ta til politiske organ. Fellesnemnda er det politiske organet i prosessen, og vil få sine fullmakter frå dei to kommunestyra. Fylkesmann vil kalle inn til eit felles kommunestyremøte hausten 2017. Blant oppgåvene til fellesnemnda vil vere budsjett for samanslåingsprosessen og retningslinjer for utnemning av ny rådmann. Utlysing av rådmann for ny kommune, enten internt eller eksternt, må avklarast med dei tillitsvalde. Dette må vere premiss for sak til kommunestyra i februar 2017. Framtidige tilsettingar vil verte delegert frå fellesnemnda til ny rådmann. Rådmannstilling Fusa vil verte lyst ut på nyåret 2017.

Oppsummert: 1) Organiseringa av det administrative fram til fellesnemnda er på plass hausten 2017 må avklarast, fullmakt til rådmennene om å utarbeide saksframlegg om organisering av fellesprosjekt, til godkjenning av ordførarar, 2) Modell B i notat frå møte i styringsgruppa 21. november vert valt, 3) Spørsmål om intern/ekstern tilsetting rådmann vert gjort etter at fellesnemnda er etablert hausten 2017. Rekruttering skjer med tillitsvalde som del av prosessen saman med fellesnemnda,

2) Sak om pilotprosjekt og kartleggingsarbeid

Seks område er identifisert, sjå agenda for møte. Nokre av dei er konkrete. Kartleggingsgruppene (sjå punkt 6 i vedlegg, administrasjonen sitt framlegg til vedtak) skal vere nøkkeltalsfokusert. Oppretting

av gruppene er basert på ei sektortenkning. I organiseringa/utforminga av gruppene, og eventuelle undergrupper, vil dei tillitsvalde vere sentrale i arbeidet.

Dei overordna områda er styring, IKT og personal. Enkeltprosjekt må spissast innan område som barnehage, kultur, næring og velferdsteknologi. Viktig med synleggjering overfor innbyggjarar.

Os kommune har gått i gang med eit arbeid omkring internkontroll. Må sjå vidare på kva ressursar ein må/skal ha på dette arbeidet framover. Viktig å prioritere eit liknade arbeid på internkontroll i Fusa kommune i perioden januar – april 2017. Mål er at Fusa kommune kjem opp på same nivå som Os kommune i arbeidet med internkontroll. Styring er viktig i arbeidet framover. Må få fram ein felles kultur gjennom å arbeide saman, verte kjent med kvarande på tvers av kommunegrensene i dag.

På personalsida vil det verte oppretta ein stilling som ved oppstart får lokalisering i Fusa kommune. Stillinga vil spesielt ta for seg juridiske aspekt ved stillingavtaler i dei to kommunane. Dette er ikkje ein leiarstilling. For barnehageområdet og kulturskuleområdet er prosessar allereie i gang for å arbeide saman. For næringslivsområdet skjer det mykje i Os kommune. Næringsklynge (HUB) skal etablerast på nyåret. Dette arbeidet skal introduserast for Fusa kommune. Innan området velferdsteknologi er prosjekt på gang, noko er gjort og samkøring mellom kommunane må prioriterast.

Dei viktigaste områda må prioriterast. Det må identifiserast kvar dei tyngste arbeidsoppgåvene framover. Det vert viktig å bruke ressursar på rett måte.

Internkontroll vert sentralt punkt i arbeidet, ref det som er sagt om at Fusa kommune må opp på same nivå som Os kommune. Tilsette i kvar av kommunane må inn i arbeidet på ein god måte. Presisering om at dei to kommunane parallelt skal utføre tenester og førebu den nye kommunen. Viktig å ha perspektiv som ser kva andre kommunar i liknande situasjon gjer. Det å sjå til andre som har kome lenger er viktig for å få utvikling i eigen organisasjon. Det er kontakt med Bergen kommune på digitaliseringsområdet. Oppfølging av denne kontakten med workshop beramma til fredag 13. januar 2017. Må òg sjå til KS sitt arbeid om fullmakter frå kommunane innan IKT-nettverk.

Frå og med hausten 2017 kjem det reformmidlar frå sentralt hald. Det må utformast budsjett for reformmidlane inn mot fellesnemnda sitt arbeid.

3) Eventuelt

a) Agenda for møte 24. januar 2017

Ordinært politisk møte. Deltakarar: Formannskap, samt gruppeleiarar som ikkje er i formannskap + rådmenn med sine leiargrupper + tre tillitsvalde frå kvar av kommunane. Stad: Vert stadfesta ved innkalling til møte. Tidsrom: 09:00 - 16:00. Utkast program:

- 1) Presentasjon (adm) av begge kommunane
 - Samfunnsdelen av kommuneplanen
 - Økonomi, nøkkeltal
 - Tenesteyting – styrker og utfordringer
 - Samfunnsutvikling, næring og infrastruktur
- 2) Utkast til milepælsplan 2017, og perioden fram til 2020, framlegg frå administrasjonen
- 3) Organisering av kartleggingsgrupper/arbeidsgrupper
- 4) Utkast informasjonsstrategi
- 5) Diskusjon – spørsmål og refleksjon

b) Kartlegging

Med referanse til vedtak. Gruppene vert oppretta administrativt med tillitsvalde i alle gruppene.

c) Prinsippvedtak om plassering einingar

Det må tilstrebast ei tilnærming der best mogleg forvaltning vert sett i samanheng med best mogleg ivaretaking av dei tilsette. Ønske om å tilstrebe varig lokalisering. Søkelys på tillitsvalde si rolle inn mot fellesnemnda når det gjeld plassering av arbeidsplassar og einingar. Hovudtema på seinare møte. Plan for plassering klar til første halvdel av 2018, etter tilsetting rådmann hausten 2017.

d) Status intensjonsavtalen

Status intensjonsavtalen: Einigheit i styringsgruppa om at intensjonsavtalen gir føringar og er grunnlag for det vidare arbeidet.

21.12.2016/pjm

3.1.2017/pjm

Møteinnkalling

Felles formannskapskonferanse

24. januar 2017

Stad: Nore Neset Aktivitetshus, Skeismyra 8, Hagavik

08:30	Enkel frukostservering
09:00 - 09:30	Innleiing ved ordførarar
09:30 - 11:00	Om Fusa kommune, kort innleiing ved rådmann - Økonomi, nøkkeltal (15 minutt) - Tenesteyting – styrker og utfordringar (20 minutt) - Samfunnsdelen av kommuneplanen (10 minutt) - Samfunnsutvikling, næring og infrastruktur (15 minutt)
11:00 - 11:15	Pause
11:15 - 12:45	Om Os kommune, kort innleiing ved rådmann - Økonomi, nøkkeltal (15 minutt) - Tenesteyting – styrker og utfordringar (20 minutt) - Samfunnsdelen av kommuneplanen (10 minutt) - Samfunnsutvikling, næring og infrastruktur (15 minutt)
12:45 - 13:45	Lunsj
13:45 - 16:00	Utkast til framdriftsplan for 2017, og for perioden fram til 2020 Framlegg frå administrasjonen, ved rådmennene (vedlegg) Organisering av kartleggingsgrupper/arbeidsgrupper Orientering frå rådmennene (vedlegg) Utkast informasjonsstrategi, ved rådmennene (vedlegg) Møteplan styringsgruppa framover. Framlegg: 13. mars, 24. april og 19. juni. Diskusjon, spørsmål og refleksjon
